

Referat frå campusmøte, campus Førde

Dato: 17.10.2023

Tid: 09.00-11.00

Stad: Campus Førde - Anga

Tilstades:

Eli Nummedal, Irene Valaker, Erik Kyrkjebø – (nett), Øyvind Midtbø Berge (fram til 0950) (nett), Karoline Kvammen Olsen - studentcampusråd Førde, Jan Ignacio Jakobsen-Castro - studentcampusråd Førde (frå 0925), Monica Wammen Nortvedt - møteleiar, Hans Jakob Reite - sekretær, Geir Kåre Resaland - observatør, John Tveit - observatør, Sigurd Sandvoll - observatør

Meldt forfall: Anny Aasprang

Gjestar:

Gro Rukan – innleiar og observatør, Stine Bach Stangeland - innleiar, sak 13/23

Sakliste:

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tids bruk
10/23	<i>Godkjenning av referat, innkalling og sakliste – godkjent utan merknad</i>	Møteleiar	
11/23	<i>Orienteringssak –</i> <ul style="list-style-type: none"><i>Studenthus i Førde sentrum? Initiativ frå Sunnfjord Utvikling i samråd med studenttinget. Aktuelt lokale i sentrum er «gamle bruktbilbutikken til Orkelbog» nærare Jølstra frå Dolly D. Kommunen/næringslivet vurderer å gå inn med pengar.</i> <p>Krevjande prosjekt, både økonomisk og med omsyn på «delt» studentmiljø mellom Vie og sentrum.</p> <p>Studentane har møte med ordførar Jenny Følling neste veke – om studentbyen Førde.</p>	Møteleiar/ sekr	

	<p><i>Workshop for studentar onsdag 18. okt. (vedlagt)</i></p> <p>Oppfølging: Studentane orienterer på neste Campusmøte</p>		
12/23	<p><i>Campusutvikling – dagen før (16.10) er det workshop - Helse og teknologi ved HVL/Førde – Gro Rukan leier denne workshopen med dei tilsette og presenterer resultata for oss i Campusmøtet. Ho seier også litt om Campus Vie-prosjektet.</i></p> <p>Vedlegg - presentasjonen til Gro.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skryt til Gro for opplegg og gjennomføring. Inspirerende samling 16./10. - Kulturbygging på tvers er avgjerande for å oppnå samhandling. Parole: Ta med ingeniørstudentane ut i sjukepleiepraksis! Dette vil vere eit konkret tiltak som kan gi store resultat når det gjeld arbeid på tvers av fakultet på Campus Førde. - Ikkje berre seie «helseteknolog», men like gjerne «helse og teknologi». Det tverrfaglege kjem «i sin tur» etter at det reint faglege er dyrka. - Felles forståing av ymse omgrep er også viktig. <p>Videre oppfølging:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vi arrangerer workshoppar i samband med dei tre Campusmøta i 2024. Vi prøver å få Jeppe Jeppesen på det første møtet. <i>(Merknad frå sekr: Men det vert i april.) Vert følgt opp av Hans Jakob</i> - Ser på mulighete for å etablere ei forskargruppe på tvers av fakulteta – Erik Kyrkjebø følger opp og informerer om status på neste møte. 	Møteleiar/ Gro	

	<ul style="list-style-type: none"> - Det er ønskeleg å involvere kommunane meir i å gjere Førde til ein attraktiv studiestad. Dette foreslår vi som tematikk i vertskommunemøtet i februar 2024. NB! Sikre at godt fundamentert sak, og agenda for møte, vert spelt over tidleg. Hans Jakob følger opp. - Det vert foreslått at lokale leiarar i dei respektive fakulteta må forankre, inspirere og gjerne lage møtepunkt for tilsette der sentrale spørsmål vert diskutert. Det vart nemnt fast felles frukost ein gong i månaden, lunsj med innleiarar eller liknande. - Prosjektet Campus Vie er eit konkret prosjekt mellom HVL og Helse Førde. Det vil også sameine dei to fakulteta ved HVL Førde rundt samarbeid. 		
13/23	<p><i>Rekruttering – jamfør referat frå maimøtet</i></p> <p>Vedlegg - Presentasjonen til Stine</p> <ul style="list-style-type: none"> - Å profilere HVL er viktigast, men vi må også trekke fram det særeigne med studiestaden Førde, slik som Y-veg for ingeniørane og januaropptaket på sjukepleie. 	<p>Møteleiar/ Stine Stangeland Bach orienterer på skjerm kl 10.15</p>	
14/23	<p><i>Eventuelt - inkludert møteplan for 2024.</i></p> <p><i>Kan måndagane 12. feb, 22. april og 14. okt vere brukandes framlegg. Alle tre dagane 13-15.</i></p> <p>Møta i 2024 vert:</p> <p>Måndag 12. februar kl 13-15. Vi arrangerer ein workshop for tilsette på føremiddagen denne dagen (kl 10-12). Tema vert å kome attende til. Hans Jacob kallar inn til workshoppen slik at tilsette reserverer tida i kallendaren.</p>	<p>Møteleiar/ sekr</p>	

	<p>Måndag 22. april kl 13-15. I tilknytning til dette møtet vil vi invitere dei tilsette til «Omdømelunsj med Jeppe Aagård Jeppesen» 1130-1245. <i>(Merknad frå sekr: Jeppe har bekrefta)</i>. Hans Jakob kallar inn til workshopen slik at tilsette reserverer tida i kalendaren</p> <p>-</p> <p>Måndag 14. oktober er førebels avsett til møte kl 13-15. Men fastsetjing av oktobermøtet må vi kunne kome tilbake til på februar møtet.</p>		
--	---	--	--

Ved møteboka:

Hans Jakob Reite (sekr)